

STRANDA KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

---

21.03.2012

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tysdag, 27.03.2012 kl. 16.05 i  
Rådhuskjellaren**

#### SAKLISTE:

- Sak 10/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 27. februar 2012
- ” 11/12 - Overordna analyse – førebels framstilling
- ” 12/12 - Drøfting av mandat for selskapskontroll
- ” 13/12 - Strandafjellet KF - orientering v/styreleiar Rolf. A. Myklebust
- ” 14/12 - Spørjerunde om kontrollutval og revisjon

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato 28.02.2012 kl. 16.05  
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles tilstades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad, og Svein Kvaløy

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Frå Stranda kommune møte ordførar Jan Ove Tryggestad og assisterande rådmann Kjartan Lied.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølga:

### **SAK 01/12**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 24. NOVEMBER 2011**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 24. november 2011 blir godkjent.

### **SAK 02/12**

#### **ÅRSMELDING 2011 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2012 for Stranda kontrollutval.

#### **SAK 06/12**

#### **PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I VALPERIODEN 2011 TIL 2015**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

#### **Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Det blir utført selskapskontroll av Strandafjellet Skisenter AS. Med samtykke frå selskapet blir kontrollen gjennomført som forvaltningsrevisjon. Stranda kommune vil som største deleigar tilrå slik revisjon.
2. Det blir utført løpande kontroll med kommunen si oppfølging av vedtak knytt til selskapskontrollrapport frå 2009, som gjaldt alle heileigde kommunale selskap.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å lage nærare definert mandat i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

#### **SAK 07/12**

#### **KOMMUNESTYREVEDTAK I SAK 140/11 OM DOKUMENTASJON AV VAR KOSTNADER**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet vil avvente oppfølging av saka til rådmannen har lagt fram ei sak for kommunestyret om vedtaksgrunnlaget for sjølvkostutrekningane innan VAR- området, jf kommunestyret sitt vedtak i sak KOM – 140/11.
2. Kontrollutvalet føreset at dette arbeidet er avslutta seinast ved rekneskapsavslutninga for 2011.

#### **SAK 05/12**

#### **STATUSRAPPORT FRÅ KOMMUNEREVISJONEN – REKNESKAPSREVISJON OG FORVALTNINGSREVISJON. EVENT. SKRIFTLIG MATERIALE VIL KOMME SEINARE**

Orientering gitt av dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

#### **SAK 08/12**

#### **MØTEPLAN 1. HALVÅR 2012**

Kontrollutvalet drøfta møteplanen.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtedatoar for resten av halvåret blir desse: 27.03.2012, 09.05.2012 og 14.06.2012.

**SAK 03/12**

**OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR OG ÅRSBJUL**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet vil vurdere kontrollar inn mot oppfølging av politiske vedtak, premisser for administrasjonen sine prioriteringar, implementering av Verdikommune Sunnmøre (jf eigen rapport). Til neste møte blir leiar gitt fullmakt til å innhente opplysningar om Strandafjellet KF og Strandafjellet Skisenter AS sin økonomi.
2. Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 04/12**

**EIN EVENTUELL SPØRGERUNDE OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON, JF UTLEVERT KONTROLLUTVALBOK.**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka vart ikkje behandla.

**SAK 09/12**

**ARBEIDSDELING I KONTROLLUTVALET**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Inge Gjærde følgjer opp saksdokument og vedtak i føretaka. Tilsvarande for Randi Strand Overaa blir formannskapet, Magnar Furset tek kommunestyret, Eva Rinde Habostad tek helse og omsorg, kultur samt overordna planutval og Svein Kvaløy tek området miljø og kommunal teknikk.
2. Den av utvalet sine medlem som vender seg til kommunen for å få saksdokumenta i papirversjon skal ha det.
3. Forøvrig tek kontrollutvalet saka til orientering.

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

Randi Strand Overaa  
nestleiar  
(sign.)

Eva Rinde Habostad  
medlem  
(sign.)

Magnar Furset  
medlem  
(sign.)

Svein Kvaløy  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 21.03.2012

**SAK 11/12**  
**OVERORDNA ANALYSE – FØREBELS FRAMSTILLING**

Som vedlegg følgjer:

- Analyse av overordna risikofaktorar i Stranda kommune si verksemd 2012 – 2015

Dokumentet er av foreløpig karakter og er meint å vere eit diskusjonsgrunnlag i møtet. Ei endeleg analyse kan leggest fram i ettertid og vere eit grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## Analyse av overordna risikofaktorar i Stranda kommune si verksemd 2012-15

Kommunen har **tre hovudansvarsområder**<sup>1</sup>:

- Leggje til rette for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre,
- Gje gode og effektive tenester til sine innbyggjarar, og
- Leggje til rette for berekraftig utvikling.

Gjennom dette vil kommunen sikre ei tillits-skapande forvaltning med høg etisk standard. Deler av kommunen si verksemd vil vere viktigare enn andre deler for å kunne oppfylle kommunens hovudansvarsområder.

**Risiko** er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsettingar. **Risikofaktorar** er moglege hendingar som kan gjere til at kommunen ikkje når sine målsettingar. Analysen set opp risikofaktorar som er **vesentlege** for om kommunen når sine mål på dei tre hovudansvarsområda. Risikofaktorane som er nytta har vore identiske for alle kommunane i revisjonsdistriktet. I vurderingane er det teke omsyn til dei tiltak rådmannen har sett i verk for å sikre ein «**betryggende intern kontroll**»<sup>2</sup>. Risikofaktorane er vurdert ut frå **kor sannsynlege** dei er, og kva **konsekvens** det vil ha om dei finn stad. Konsekvensane kan ha følgjer for kommunen si eiga verksemd og/eller innbyggjarane i kommunen. Det vil alltid vere ein viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen er både lite sannsynleg og har liten konsekvens. Revisjonen vurderer det dit hen at slik **risiko må aksepteras** i verksemda til ein kommune.

I arbeidet med analysen har revisjonen henta inn informasjon frå ulike kjelder. Det er gjort bruk av opne kjelder, som for eksempel kommunen sine politiske vedtak, planverk og årsmeldingar, samt databaser, som for eksempel KOSTRA. Vidare er det brukt informasjon som revisjonen har fått tilgang til gjennom sitt kontinuerlege revisjonsarbeid. Det er også gjennomført samtale med rådmann.

---

<sup>1</sup> Kommuneloven § 1.

<sup>2</sup> Kommuneloven § 23 nr. 2.

## 1. Funksjonsdyktig kommunalt folkestyre

Det kommunale folkestyret skal sikre at innbyggjarane rettstryggleik og moglegheit for å påverke. Om dette ikkje blir gjort vil kommunen sitt omdømme kunne bli redusert.

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risikovurdering (L=lav/ M=medium/ H=høg)
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff	
Uklare mål for kvaliteten i kommunen si verksemd		Innbyggjarane veit ikkje kva tenester som skal ytast og kva nivå og omfang det skal vere på desse. Usikkert om eventuell sprekk i økonomisk ramme skuldast underbudsjettering eller overforbruk.	M
Uklart arbeidsdeling mellom politisk nivå og rådmann		Uklart rolle- og ansvarsfordeling mellom det politiske nivå og rådmannen.	H
Manglande politisk vedtak før igangsetting av tiltak		Liten politisk styring. Overskriding av budsjett. Reduksjon i tenestetilbod på andre områder for å dekke meirforbruk.	M
Ikkje forsvarleg utgreiing av saker til politisk handsaming		Dårlig rettstryggleiksgaranti, svekket omdømme og feil vedtak.	H
Manglande iversetjing av politiske vedtak		Liten reell politisk styring.	L
Brott på habilitetsreglar		Dårlig rettstryggleiksgaranti, svekka omdømme og feil vedtak.	L
Brott på regelverk om offentlighet		Dårlig rettstryggleiksgaranti, liten mulighet for kontroll og svekket omdømme.	L

Revisjonen rår ut få dette til å prioritere følgende område for forvaltningsrevisjon i 2012-15 for å sikre et funksjonsdyktig kommunalt folkestyre:

## 2. Gode og effektive tenester

Kommunen skal yte tenester til sine innbyggjarar og drive utøve mynde i tråd med aktuelt regelverk og kommunestyret sine vedtak. Det er viktig at kommunen gir dei pålagde tenestene, at kvaliteten på desse er god og at dei vert produsert på ein effektiv måte. Om dette ikkje blir gjort vil kommunen ikkje kunne oppfylle sine plikter som leverandør av velferdstenester.

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risikovurdering (L=lav/ M=medium/ H=høg)	Konse- kvens
	Sannsynleghet for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff		
<b>Skule og barnehagar</b>				
Skule og barnehagar held ikkje økonomisk ramme		Skule, barnehagar og PPT utgjør omlag 36 % av kommunen sine netto utgifter (R-2012).		H
<b>Barnehage</b>				
Kvaliteten i barnehagane er ikkje tilfredsstillande		Barn får ikkje eit kvalitativt godt barnehage-tilbod.		H
Kommunen oppfyller ikkje retten til barnehageplass		Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskelig. Arbeidskraften i kommunen blir ikkje nytta optimalt. Manglande tilflytting og befolkningsvekst.		M
Kommunen oppfyller ikkje sitt finansieringsansvar for private barnehagar		Reduksjon eller stagnasjon i barnehagetilbodet. Økonomisk tap for barnehageeigar eller kommunen.		M
<b>Grunnskule</b>				
Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande		Elever får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte. Næringslivet får ikkje tilstrekkeleg rekrutteringsgrunnlag. Sein innsats mot		H

		enkeltelever kan gi økte utgifter for kommunen på sikt.							
Kvaliteten i skulefritidsordninga (SFO) er ikkje tiffredsstillande		SFO-tilbodet er ikkje godt nok i høve til brukarbetalning ein krev.							L
<b>Vaksenopplæring</b>									
Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tiffredsstillande		Dårlig utnytting av den enkelte sine evner og vanskelegare integrering.							L
<b>Kultur og fritid</b>									
Kvaliteten i kultur- og fritidstenestane er ikkje tiffredsstillande		Mindre kultur- og fritidstilbod til innbyggjarane. Dårligare opplæring i språk og lesing. Mindre attraktiv kommune å bu i.							M
<b>HELSE, OMSORG OG VELFERD</b>									
Helse, omsorg og velferd held ikkje økonomisk ramme		Helse, omsorg og velferd (inkludert barnevern og Samhandlingsreforma) utgjør *** % av kommunen sine utgifter (2012).							H
<b>Helse</b>									
Kvaliteten i helse-tenesta er ikkje tiffredsstillande		Innbyggjarane får ikkje helsetenester med den kvaliteten dei har krav på. Kommunen kan få økte utgifter til pasientskadeerstatning og gebyr i samband med Samhandlingsreforma.							M
Kvaliteten i pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er ikkje tiffredsstillande		Innbyggjarane får ikkje dei PPT-tenestene dei har krav på som kan resultere i mellom anna lågare læringsutbytte.							M
Kvaliteten i førebyggjande helseiltak er ikkje tiffredsstillande		Innbyggjarane får ikkje dei førebyggjande helsetenester dei har krav på. Kommunen kan få utfordringar med å oppfylle sitt ansvar i Samhandlingsreforma.							M
Kvaliteten i barnevernet er ikkje tiffredsstillande		Innbyggjarane får ikkje de barnevernstenester de har krav på.							M
<b>Pleie og omsorg</b>									
Kommunen si verk-		Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg							H

semnd blir ikkje tilpassa Samhandlingsreforma		i institusjon dei har krav på. Kommunen kan få økonomisk tap.		
Kvaliteten ved sjukeheimane er ikkje tilfredsstillande		Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon de har krav på.		H
Kvaliteten i heimebaserte tenester er ikkje tilfredsstillande		Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i heimen dei har krav på.		H
Kvaliteten i dagtilbod er ikkje tilfredsstillande		Større utfordringar ved innføring av Samhandlingsreforma.		L
Kvaliteten i tilbod til funksjonshemma er ikkje tilfredsstillande		Funksjonshemma innbyggjarar får ikkje den pleie, omsorg og hjelp dei har krav på.		H
Det er for få kommunale bustader		Personer får en dårlegare livskvalitet. Institusjonsplasser som trengs til Samhandlingsreforma vil være opptatt av andre. Det må legast inn bustadar.		M
<b>NAV Stranda</b>				
Kvaliteten ved NAV Stranda er ikkje tilfredsstillande		Brukarane si sjølvkjensle blir redusert. Samfunnet får ikkje nytta godt nok arbeidskrafta. Kommunen får økte utgifter.		M
<b>PLAN, UTBYGGING OG TEKNIKK</b>				
Plan, utbygging og teknikk held ikkje økonomisk ramme		Plan, utbygging og teknikk utgjør 8,5 % av kommunens utgifter (2012).		M
<b>Plan, miljø, næring</b>				
Kvaliteten i byggesaksbehandlingsprosesser er ikkje tilfredsstillande		Privatpersoner, næringsliv og offentlige myndigheter blir forseinka med utbyggingsprosjekter.		L
Kvaliteten i planarbeidet er ikkje tilfredsstillande		Mindre etablering enn ønskeleg. Ikkje tilfredsstillande styring og koordinering av utbygging		H
<b>Kommunalteknikk, eigedom og brann</b>				
Kommunale bygg		Arbeidsmiljøet for kommunalt tilsette og		M

blir ... på grunn av for lite vedlikehold		elever/bebuvarar blir for dårlig. Store utgifter til totalrenovering og/eller nybygg.		
Kvaliteten i reindhaldsteneene er ikkje tilfredsstillande		Innemiljø for tilsette, bebuvarar, elever og barnehagebarn er ikkje tilfredsstillande.		M
Kvaliteten i vei- og trafikktryggleksteneene er ikkje tilfredsstillande		Liv og verdjar kan gå tapt.		H
Kvaliteten i brannberedskapen er ikkje tilfredsstillande		Liv og verdjar kan gå tapt.		H
Kvaliteten i vassforsyning og avløp er ikkje tilfredsstillande		Innbyggjarane kan få for lav kvalitet på vann og avløp eller leveransen kan bli avbroten.		H
Kvaliteten i renovasjonordninga er ikkje tilfredsstillande		Hushaldsavfall blir ikkje samla inn eller handsama på ein forsvarlig måte.		M
<b>Utbygging, prosjekter, investeringsiltak</b>				
Kvaliteten i utbyggingarbeidet er ikkje tilfredsstillande		Nye bygg held ikkje nødvendig standard og sikkerhet. Økonomiske tap.		H
<b>SEKTOROVERGRIPENDE OMRÅDER</b>				
Høgt sjukefråvær		Innbyggjarane får ikkje tenester med den kvalitet og omfang dei har krav på. Kommunen får økonomisk belastning og omdømet som arbeidsgjevar kan bli svekka.		H
Arbeidsgjevaransvaret blir ikkje ivarett på ein tilfredsstillande måte		Kommunen sitt omdøme som arbeidsgjevar kan bli svekka.		M
Innkjøpsaktivitet blir ikkje gjennomført tilfredsstillande		Mindre effektiv drift, økonomisk tap og mislegheiter. Svekka omdøme.		M
Informasjonstryggleiken er ikkje tilfredsstillande		Sensitive personopplysningar eller opplysningar som er viktige for drift av kommunen blir spreidd til utanforstående.		H
Serviceivået er		Kommunen kan få svekka omdøme.		L

ikkje tilfredsstillande				
Kommunens økonomiske resultat er ikkje tilfredsstillande		Reduksjon i tenestetilbod, blant anna lovpålagte tenester.		H
Kommunen tar for stor risiko i finansforvaltninga		Store økonomiske tap. Reduksjon i tenestetilbod.		H
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard		Dårlig rettstryggleik for innbyggjarane. Kommunen kan bli utsatt for misleghet og kan få svekka omdøme.		H
Den interne kontrollen er ikkje tilfredsstillande		Innbyggjarane kan få for dårlige tenester på fleire områder samtidig. Kommunen kan få svekka omdøme.		H
Organisering i kommunale føretak (og i selskap) gir uklår ansvarsfordeling og ineffektiv drift				
<b>Stranda hamnevesen KF</b>				
KF-et held ikkje økonomisk ramme		Andre deler av kommunen sitt tenestetilbod må reduserast.		
<b>Strandafjellet KF</b>				
KF-et held ikkje økonomisk ramme		Andre deler av kommunen sitt tenestetilbod må reduserast.		

Revisjonen rår ut frå dette til å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i 2012-15:

### 3. Berekräftig utvikling

Kommunen må innrette eigen aktivitet og legge til rette for sine innbyggjarar på ein slik måte at det legg til rette for berekräftig utvikling. Om dette ikkje blir gjort, vil kommunen si evne til å oppfylle sitt samfunnsansvar kunne bli redusert.

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risikovurdering (L=lav/ M=medium/ H=høg)
	Sannsynlighet for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff	
Kommunen tek ikkje ansvar som miljømyndighet		Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	H
Kommunen si klimatilpassing av eigen verksemd er ikkje tilfredsstillande		Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	H
Kommunen er ikkje forberedt på endring i tal på, og samansetnad av, innbyggjarar		Feil prioritering av kommunale ressursar. Stagnasjon i befolkningsvekst. Mangel på arbeidskraft. Stagnasjon i skatteingang.	M
Strandsoneen privatiseres		Innbyggjarane mister tilgang til verdifullt fritids- og rekreasjonsområde.	M
Høgt energibruk i kommunal verksemd		Økonomisk tap. Ytterlegare endringar i klima.	H

Revisjonen rår ut frå dette til å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i 2012-15:

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 21.03.2012

**SAK 12/12  
MANDAT SELSKAPSKONTROLL STRANDA KOMMUNE**

Når det gjeld opplysningar om kva selskapskontroll går ut på, blir det vist til saksutgreiinga i sak 06/12 frå førre møte.

Stranda kontrollutval ga 28.02.2012 i sak 06/12 - Plan for selskapskontroll for valperioden 2011 til 2015 slik innstilling:

- 1. Det blir utført selskapskontroll av Strandafjellet Skisenter AS. Med samtykke frå selskapet blir kontrollen gjennomført som forvaltningsrevisjon. Stranda kommune vil som største deleigar tilrå slik revisjon.*
- 2. Det blir utført løpande kontroll med kommunen si oppfølging av vedtak knytt til selskapskontrollrapport frå 2009, som gjaldt alle heileigde kommunale selskap.*
- 3. Kontrollutvalet får fullmakt til å lage nærare definert mandat i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.*

Denne innstillinga vart i etterkant vedteke av Stranda kommunestyre.

Når det gjeld punkt 1 om Strandafjellet Skisenter AS som skal levere tenester til Strandafjellet KF, bør mandatet vere å få avklart følgjande:

**1.1 Mandat forvaltningsrevisjon**

Er drifta av aksjeselskapet slik innretta at Stranda kommune får oppfylt sine mål som deleigar i selskapet? Under dette ligg å undersøkje økonomien i aksjeselskapet og selskapet sine føresetnader til oppfylle sine plikter overfor Strandafjellet KF og Stranda kommune, vurdere om inngåtte avtalar mellom aksjeselskapet og Strandafjellet KF er oppfylt både økonomisk og på anna vis og om aksjeselskapet blir drive i samsvar med gjeldande lover.

Kommunerevisjonen og kontrollutvalet får i samråd med leiar i kontrollutvalet fullmakt til gi nærare spesifikasjonar dersom det er behov for det.

**1.2 Mandat eigarskapskontroll**

Punkt 2 er ein rein eigarskapskontroll. Sentralt her vil m.a. vere om kommunen har kontroll med eigarinteressene sine i selskapa og om kommunestyret mottok tilstrekkeleg og dekkjande informasjon om selskapa, også om økonomi. Dette er ein obligatorisk kontroll der ein

vrurderer korleis eigarskapsforvaltninga blir utført målt opp mot kommunens eigarskapsmelding og kommunale vedtak. Til ein viss grad vil dette gi svar på om kommunen fører kontroll med eigarinteressene.

Som går fram av punkt 2 i vedtaket ovanfor, skal det gjerast ein kontroll av kommunen si oppfølging av selskapkontrollrapporten frå 2009 og vedtak knytt til denne. Denne rapporten skisserer desse tiltaka som skulle settast i verk:

1. Informasjons- og rapporteringsrutinar (dialog)
2. Plassere administrativt ansvar for eigarutøving
3. Oppfølging av selskapa sin økonomi og drift
4. Løpande informasjon frå selskapa
5. Ta i bruk styrevervregisteret
6. Årleg eigarmelding til kommunestyret
7. Oversikt over eigarskapet i årsmeldinga
8. Revisjon av eigarskapsmeldinga
9. Drøfte realismen i avkastnings- og utbyttekrav
10. Drøfte praktiseringa av tilbakeføringa av næringsbygg
11. Skilje ut/selje eigedommen som er leigd ut

Eigarskapskontrollen dreier seg kort sagt om å finne ut om kommunen har følgd opp rapporten og vedtaka frå 2009.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

Mandatet for selskapskontrollen blir slik som går fram av kapittel 1.1 og punkt 1 til 11 i kapittel 1.2 i saksutgreiinga.

Harald Rogne  
dagleg leiar